

Sjuke barn og barnehage.

Sjuke barn har det best heime...

Det går i periodar omgangssjuke. Omgangssjuke har fått namnet pga. at det rett og slett går på omgang!

I tillegg til omgangssjuke har ein òg periodar kor influensaen "herjar".

Mange barnehagar har strenge reglar for når barna får koma i barnehagen etter at dei har hatt omgangssjuke/influensa.

SU i Tryggheim barnehage vedtok i SAK 2/2014 fyljande regel:

- Når eit barn har hatt omgangssjuke(oppkast/diarè)/influensa:
 - Barnet kan ikkje koma i barnehagen før tidlegast **24 timar etter siste symptom**, og barnet skal vere utan feber. Allmenntilstanden må vurderast. Nokre gonger må ein ha ein ekstra dag heime før ein er heilt frisk igjen.
 - Dersom ein opplever «epidemiar», at det er svært mange som vert smitta, **vil ein gjennomføre 48-timars-«karantene»**. Foreldre vil då få informasjon om dette.

(Anbefalinga frå smittevernlækjar er 48 timar etter siste symptom)

SU i Preg Tryggheimvegen hadde ein gjennomgang av dette vedtaket og i **SAK 3/2024** gjorde dei fyljande presisering:

- Dersom barnet kastar opp/har diarè og vert sendt heim frå barnehagen **må barnet vere heime den påfølgande dagen.**

Gjennom koronapandemien såg me at handvask og god hygiene reduserer sjukefråvèret både hjå barn og vaksne.

Me held difor fram med handvask når barna vert levert om morgonen.

Svanhild Taksdal Søliland

-dagleg leiar-